
Vår referanse 2020/70212-3
Dato 11.09.2020

Tore Håland
Solevegen 104
5943 Austrheim

Løyve til utvida bruk av avkøyrse - gnr 140 bnr 24 - Fv 5502 - Blomhaugane - Austrheim kommune

Vi viser til søknad av 06.09.2020.

Søkar har sendt to søknader til Vestland fylkeskommune, henholdsvis for utvida bruk av avkøyrse samt dispensasjon frå byggjegrænse knytt til gnr. 140 bnr. 24. Vi vil sende eit separat brev angåande dispensasjon frå byggjegrænse.

Vedtak

Med heimel i veglova § 40 og § 43 gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrse frå fylkesveg 5502 til eigedom på gnr. 140 bnr. 24 i Austrheim kommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

Vilkår for løyvet

1. Avkøyrsla skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan, datert 06.09.2020. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrse*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld bygging av nytt bustadhus. Denne vil ha avkøyrse ut i pv. 1033 som munnar ut i fv. 5502, sjå situasjonsplan.
3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentlig veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrse, frisktsoner og tilkomstveg på den private vegen. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Dersom avkøyrsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyrret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til utforming av avkøyrse*.
6. Arbeidet må vere starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrse har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrse* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsl frå.

Saka gjeld bygging av nytt bustadhus på eigedom av gnr. 140 bnr. 24 på Blomhaugane, Austrheim kommune. Området er ikkje regulert. Søkar opplyser i søknadsbrev at bustaden vil generere bruk av ein personbil til og frå eigedomen. Den gjennomsnittlege årsdøgntrafikken (ÅDT) på staden er 650, fartsgrensa er 50km/t og vegstrekket ligg i ein mindre streng haldningsklasse ifølgje Rammeplan for avkøyrslar m.m. Dette betyr blant anna at avkøyrslar som er direkte knytt til det overordna fylkesvegnettet vanlegvis bør avgrensast. I denne saka vil omsøkt eigedom kunne ut i pv. 1033 før denne koplast på fv. 5502. Dette saman med ein lågare ÅDT enn 1500 og ein fartsgrense på under 70km/t gjer at utvida bruk av avkøyrsl ut mot fv. 5502 kan innvilgast. Ut ifrå våre kartdata er også siktforhald og andre tekniske krav i vegleiar N100 stetta. Etter ein samla vurdering har vi funnet grunnlag til å kunne gje løyve til utvida bruk av avkøyrsl i gjeldande sak.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Hege Løtveit
Leiar

Sara Nordahl
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 situasjonsplan_innkjøring_tomt_24.pdf
- 2 Prinsippskisse - Krav til utforming av avkøyrsl

Avsender: Vestland fylkeskommune
Agnes Mowinckels gate 5
5008 BERGEN
NORWAY



139252-108-27

Tore Håland
Solevegen 104
5943 Austrheim
Norway

Svar på søknad om utvida bruk av avkøyrsel - fv 5502 - gnr 140 bnr 24 - Austrheim kommune

Vestland fylkeskommune har starta med å sende ut post digitalt, i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram.

Posten vi sender til deg blir sendt til meldingsboksen din i Altinn, og til Digipost eller eBoks når du vel digital postkasse.

Dokument som ikkje er opna i Altinn innan to verkedagar blir sendt på papir i posten.

Digitalt førsteval er raskare, tryggare og sparar miljøet!

Med helsing
Vestland fylkeskommune